



REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I STORD-FITJAR TURLAG

Dato: 03. mars 2026

Klokken: 18:00 – 20:30

Sted: Konferansesenteret, Vikahaugane Idrettsenter

Saksliste

A: Registrering av frammøtte

Frå styret møte: Astrid-Cecilie Flisram, Aina Torkelsen Westvik, Tom Knudsen, Bjørn Lindgård, Gerda Øen, Jan Ove Øen, Gro Skare Lien, Jan Leivestad, Frank Breistein og Anne Kristin Eldøy.

Fråverande: Fred Andersen og Anne Brakedal.

Den nye leiare i Stord-Fitjar Turlag; Jan Karsten Raunholm, presenterte seg sjølv og sine planar for si rolle som leiar i turlaget.

B: Godkjenna innkalling og sakliste

Årsmøte godkjenner innkalling og sakliste

C: Val av ordstyrar

Tom Knudsen vart valt til ordstyrar

D: Val av referent, og 2 til å signera møteprotokoll.

- Sekretær Aina Torkelsen Westvik vart valt til referent
- Magne Sakseid og Anne Kristin Eldøy er valt til å signere møteprotokoll

E: Endring av namn til: DNT STORD-FITJAR

Bakgrunn for namneendring er strategien i DNT – nr. 3; som fortel at me i turlaget skal styrke merkenamnet DNT. 30 av 36 foreiningar har teke i bruk DNT i namnet, under foreiningane ligg lokallaga, her er det berre DNT Øygarden som har skifta namn, men det ryktes om at fleire lokallag skal ta dette opp på årsmøtet sitt.

Det kjem spørsmål om økonomiske utfordringar knytt mot namneskifte. Me vil nytte Stord-Fitjar Turlag – namnet over lang tid og namneendringa vil ta tid. På denne måten kan me fordele den økonomiske biten over tid. Det blir også naturleg at Stord-Fitjar Turlag – namnet kjem til å vera i bruk i prosessen.

Deet kom også eit spørsmål om det er Stord-Fitjar eller Stord/Fitjar som er det riktige. Det er Stord-Fitjar som er rett å bruke. Det er fleire lokallag som brukar «og» istadenføre bindestrek; DNT Stord og Fitjar, ei slik eventuell endring vil bli tatt opp ved seinare anledning.

Årsmøte stemmer: Ingen stemmer imot namneendring; det er då vedteke at Stord-Fitjar Turlag (SFT) skifter namn til DNT Stord-Fitjar (DSF). Vidare i referatet går dermed SFT over til DSF.

F: Dokumenter for erverv av Lundarstøl

Ordstyrar går raskt gjennom dei viktigaste delane av kontrakten før årsmøte stemmer over om DSF skal kjøpe Lundarstøl for 1,- av Vågslid Ferieheim. Ordstyrar går også gjennom leigekontrakten mellom DSF og BHT – då BHT leiger hytter av alle lokallag for at det skal vera ei DNT hytte. Denne avtalen varer i 40år.

Årsmøte stemmer: Ingen stemmer imot; det er då vedteke at kontraktane er gjeldande både når det kjem til at DSF kjøper Lundarstøl og at BHT leiger hytta av DSF.

G: Endring av vedtekter

Bergen Hordaland turlag ynskja oppdatering av vedtekter i lokallag for å styrke samarbeidet. Det er gjort endringar felles for alle lag og lokallaga har hatt mogleik til å oppdatere interne vedtekter.

Kasserer viser endringar som er gjort i vedtektene. Endring for DSF –

- I styret har det blitt lagt til ei ny rolle som heiter:
Nestleiar/Organisasjonssekretær. Ambisjonen er å støtte leiar og avlaste leiar i mange oppgåver.
- Val av personar i undergrupper og arbeidsgrupper: årsmøte vel frå no av berre styret. Gruppemedlem blir valt utanom årsmøte – valkomiteen samarbeida med gruppene for å fylle opp desse plassane. Dette skal skje før årsmøtet. Dette var gjennomført på siste styremøte før årsmøte i år.
- Etiske reglar
- Det skal inn i vedtektene at Lundarstøl og Vabakken sitt lager med utstyr er unnateke dersom DSF blir oppløyst.

Årsmøte stemmer: Ingen stemmer imot; vedtektene er vedtatt.

H: Årsmøtet behandlar:

1) Årsmelding

Ordstyrar går raskt gjennom årsmeldinga på skjerm, både styrets årsberetning og undergruppernes årsrapportering.

Årsmelding vedtatt.

2) Revidert rekneskap og budsjett

Ordstyrar går gjennom hovudtrekka i rekneskap og budsjett.

Rekneskap og budsjett vedtatt.

Revisors beretning vedtatt.

3) Framsette forslag

Ingen framsette forslag.

4) Val på:

Leiar for 1 år: Jon Karsten Raunholm

Nestleiar/Organisasjonssekretær: Frank Breistein (*ikkje på val*)

Sekretær: Nina Mæland Polden (*2år*)

Kasserar: Gro Skare Lien (*ikkje på val*)

1 styremedlem: Jan Leivestad (*2år*)

2 varamedlem: Bjørn Lindgård (*ikkje på val*) og Angunn Bårdsen (*2 år*)

Revisor for 1 år: Eva Presthaug Vatna (*1år*)

3 valkomitémedlem for 3 år: Tom Knudsen (*leiar*), Anne Kristin Eldøy og Geir Tore Søreide.

Frank Breistein kjem med informasjon frå styret i **Bergen Hordaland Turlag:**

- Oppsummering 2025:
- Friluftsåret 2025, mange arrangement over heile landet.
- Økt hyttebesøk
- Økte inntekter som følge av at kontingenten gjekk opp sjølv om medlemstala har gått litt ned
- 2000 aktivitetar i laga
- Stor dugnadsånd rundtom
- Hytte på hjul langs Hardangerfjorden
- Ingen vindkraft i Modalsfjella – stor siger
- Seniorgruppa i Bergen fylte 40år
- Stavali har eit betjent anlegg, hytta er mykje besøkt allereie
- Omsyn til villrein, tiltak frå Hardanger; 5 hytter stengt, 125km sti lagt ned, hytter med begrensa opningstid. Fått mykje skryt for dette på tross av all nedkutting.
- ReTuren Syverksterd opna 18. nov 2025

Dette skjer i 2026:

- Bjørnstøl opner (hytte)
- Det blå huset på Herdla – skal renoverast
- Prosjektgruppa i gong med å ferdigstille forprosjekt på Kråkeneset på Bømlo. Første spadetaket er planlagt i 2027
- Badstue på Rognvær
- Styrke merkevarenamnet DNT
- Alle frivuljuge skal inn i friviljugsystemet – utfasing av lokale lister over friviljuge.
- Til slutt: Blomster- / gåvekort utdeling til dei som trer ut av styret.

Stord, 15.01.26

Tom Knudsen, leiar (sign)

Stord, *Anne Kristin Eldøy*
Anne Kristine Eldøy (sign)

Magne Sakseid
Stord,
Magne Sakseid (sign)